



OS KYRKJEGARD er den eldste gravplassen i Os sokn, og den er sentralt plassert ved Os kyrkje. Foto: Knut Revne.

# GRAVPLASSANE I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Informasjon frå Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

- Vedtekter for gravplassane i Bjørnafjorden kommune
- Orientering om kostnader til det offentlege ved gravferd
- Bisetting og kremasjon
- Praktisk informasjon om gravplassane

## INFORMASJON

TA GJERNE VARE PÅ DETTE HEFTET





Baldersheim gravplass, kapellet, og utsikten ned mot bygda og fjorden.

## BLI KJEND MED GRAVPLASSANE I BJØRNAFJORDEN

I Bjørnafjorden kommune har vi 13 gravplassar. I Os sokn er det relativt store gravplassar, mens dei i Fusa sokn er mindre. I Os er dei relativt sentralt plassert og ligg ganske flatt i terrenget, så er det i Fusa stor variasjon i korleis dei er plasserte. Mens t.d. gravplassen på Baldersheim er plassert høgt ovanfor bygda så ligg t.d. Hjartnes ved sjøkanten. Felles for begge er den flotte plasseringa i terrenget. Uansett plassering har dei fleste gravplassane vore nytta i generasjonar, noko som gjer at folk har ei sterk tilknytning til «sin» gravplass. Her ligg ofte bygda sine nære og kjære gravlagde. Det gjer at folk ofte bryr seg om gravplassen i sitt nærmiljø, noko som er både naturleg og forståeleg. Dette visast att på fleire område, og særleg i Fusa sokn har det vore tradisjon for dugnadsarbeid på gravplassane.

På to av gravplassane i Fusa sokn har ein oppretta enkle gravminnelunder der ein på eigne område har plassert ein del eldre gravminne. Desse gravminna er teke vare på ut frå gitte kriterie som t.d. slektsnamn som ikkje eksisterer lenger, synleggjere gamle

kommunikasjonsmønstre og gravminnet sin eigenart. Dette er både flotte kulturminne og ei «historiebok».

På våre 13 gravplassar står det til saman 14 bygg. Då held vi dei sju kyrkjene utanfor. Desse bygga det er snakk om er m.a. reiskapshus, bårhus, lager, garasje og toalett. Alle desse anlegga krev vedlikehald og oppfølging, og det vert ei stor utfordring å få dette til på ein god måte. Vi ønskjer å halde gravplassane i god stand. Det må difor ved nokre høve gå ut over enkeltønskje for at det skal bli ei god oppleving for fellesskapen å besøke gravplassane. Vi må leggje til rette for å få gjort mest mogleg på kortast mogleg tid! Særleg i Fusa sokn er det trong for betre standard på gravplassane enn det har vore, og då må ein gjere nokre grep for å få dette til!

Vi ser fram til å utvikle gravplassane våre vidare, i tråd med at vi no er i 2020. Gravformer endrar seg – fleire veljer kremasjon og urnenedsetjing, spørsmål om namna minnelund vert meir aktuelt. Nye og andre spørsmål og behov reiser seg i den tida vi no er

i, og det vil sikkert stadig bli nye utfordringar som gjeld gravplassar og gravleggingsformer.

På same måten som anna offentleg verksemd så er også økonomien her avgjerande for kva ein kan få til. Ikkje alt dreier seg om økonomi, og gode idear tek ein i mot med takk – og så håpar vi at dugnadsengasjementet held fram i bygdene våre.

Når det gjeld denne brosjyra, så er den kanskje ikkje like aktuell for alle i dag. Men vi rår deg til å ta vare på den, for plutselig har ein gjerne spørsmål om dette, eller ein drøfter med familie eller venner tema som har med gravplassane å gjere.

Vi set pris på å få innspel til tiltak som kan betre tilhøva på gravplassane våre, og om de elles ser behov for endringar som bør gjerast på sikt.

**Roald Samnøy, leiar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd**  
**Kristine Fjeld, kyrkjevevje i Bjørnafjorden**





#### NORE NESET KYRKJEGARD

Denne kyrkjegarden ligg ved Nore Neset kyrkje. Foto: Knut Revne.

# VEDTEKTER

## for gravplassane i Bjørnafjorden kommune

Det har vore arbeidd grundig med å få på plass nye vedtekter for alle gravplassane i Bjørnafjorden. Desse er vedtekne av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd den 5. juni 2019, og dei vart godkjende av Bjørgvin bispedø-

meråd i brev datert 26. juni 2019. Etter forvaltningslova § 2c er gravplassvedtektene å sjå på som forskrift, og skal difor kunngjerast. Dei vart kunngjort i Os- og Fusaposten den 8. oktober 2019.





## § 1 Forvaltning

Gravplassane i Bjørnafjorden kommune er underlagt Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd sitt administrasjons- og ansvarsområde.

## § 2 Definisjonar

- **FRIGRAV:** Grav som gravplassforvaltninga har tildelt ein avliden person frå kommunen som det ikkje vert betalt festeavgift for i fredningstida.

- **FESTEGRAV:** Grav der det er inngått avtale om bruk mot betaling av avgift.

- **FESTA GRAVSTAD:** Fleire kistegraver som er festa saman.

- **URNEGRAV:** Grav til askeurne med plass til fire urner, jfr. gravferdsforskrifta § 14. Dette gjeld ikkje § 8 Namna minnelund der det med urnegrav er meint ei grav med plass til ei urne.

- **KISTEGRAV:** Grav som ivaretek gravferdsforskrifta sit krav om storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også setjast ned urner.

- **FREDNINGSTID:** Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan brukast att til ny gravlegging.

- **FESTETID:** Tidsperiode det er avtala å feste ei grav.

- **ANSVARLEG:** Den som er ansvarleg for fri grav.

- **FESTAR:** Den som står som part i ein festeavtale.

- **NAMNA MINNELUND:** Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

## § 3 Ferdsl på gravplassane

Besøkande skal så langt som mogleg ferdast gåande, jfr gravferdsforskrifta § 9. Gravplassforvaltninga kan etter søknad gje løyve til bruk av køyretøy ved dokumentert sjuk-



### NORDTVEIT GRAVPLASS I SØRE FUSA

Denne gravplassen er på det næraste full. Der er nokre reserverte graver. Elles er det høve til berre å setje ned urner på Nordtveit.



### HJARTNES GRAVPLASS I SØRE FUSA

Gravplassen er vakkert plassert ved sjøen. Gravplassen har vore i aktiv bruk tilbake til seint på 1800-talet.

dom eller rørslehemming. All køyring må skje ekstra omsynsfullt.

## § 4 Rett til fri grav

Personar busett i Bjørnafjorden kommune har rett til frigrav.

Avlidne personar i kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønskje og som er i bruk.

Avlidne personar som på grunn av sjukdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet er å sjå

på på same måte som kommunen sine eigne innbyggjarar, og har rett på fri grav om det vert tilvist.

Gravplassforvaltninga kan etter søknad tilvise urnegrav til personar utan bustad i Bjørnafjorden mot betaling etter gjeldande satsar for gravlegging og feste av grav, vedtekne av fellesrådet. I Fusa sokn gjeld tilbodet om urnegrav på Fusa kyrkjegard – vest.

I Fusa sokn kan ein og tilvise kiste – og urnegrav for personar utan



bustad i soknet mot betaling for gravlegging og feste av grav, etter gjeldande satsar. Dette gjeld for personar som har vakse opp i tidlegare Fusa kommune eller har budd der i delar av sitt liv, og vedkomande sin nære familie. Som nær familie meiner ein her ektefelle/sambuar og born.

Frigrav/frigrav med festegrav (gravstad) vert tilvist etter bruksplan for den einkilde gravplass.

### § 5 Fredningstid og festetid

Fredningstider for kistegraver og urnegraver er 20 år.

Fellesrådet kan vedta lengre fredningstid for einkilde graver eller felt når erfaring om nedbryting ikkje skjer tilfredstillande. Fellesrådet kan og sette vilkår at gjenbruk av einskildgraver eller gravfelt berre kan nyttast som urnegrav. Festar skal varslast skriftleg og så tidleg som mogeleg når slike vedtak må gjerast.

### § 6 Feste av grav

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida for ein periode på 20 år med høve til forlenging. Etter søknad til gravplassforvaltninga kan ein tildele ekstra grav når behovet tilseier det. Desse gravene utgjør ein gravstad.

Ved bruk av særskilt urnegrav kan det ikkje festast ei grav ved sidan av.


Når festetida er ute, kan gravstaden fornyast for 5 år av gongen. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan samtykkje frå gravplassforvaltninga.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Viss festet ikkje er fornya innan seks månadar etter



### KUVENTRÆ GRAVPLASS

Den er den nyaste gravplassen i kommunen. Her har Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd tilbod om namna minnelund. Foto: Knut Revne.



### FUSA KYRKJEGARD - AUST

Denne gravplassen ligg om lag 300 meter frå Fusa kyrkje. Den er no i bruk berre ved reserverte graver og gjenbruk av festegraver.

forfall, fell grava eller gravstaden attende til gravplassen.

Innbetalt festeavgift vert betalt attende berre om attendebetaling følger bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke

ikkje kan hentast inn, kan gravplassforvaltninga avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar å melde frå om adresseending.

### § 7 Grav og gravminne

Ved opning av grav, kan jordmassar mellombels plasserast på omkringliggjande graver og gravminne flyt-



tast. Gravplassforvaltninga har ansvaret for istandsetting att og vil sjå til at grava vert planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassforvaltninga har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan setjast opp eit gravminne på kvar gravstad.

Gravminne kan monterast tidlegast 6 månader etter gravlegging. Gravminne på urnegrav kan setjast opp med det same etter urnenedsetjinga. På ny festa gravstad plasserast gravminnet i bakkant av den grava som er teken i bruk og vert ståande der for godt.

Gravminne, steinflisar, fastmonterte dekorgjenstandar, fundament eller sokkel reknast som del av

gravminnet og skal godkjennast av gravplassforvaltninga.

Bilde av gravlagt montert på gravminne må ikkje vere større enn 9 x 12 cm.

### § 8 Plantefelt

Framfor gravminnet kan det opparbeidast eit plantefelt i høgd med bakken ikring.

Plantefeltet kan ikkje vere breiare enn gravminnet, men likevel opp til 60 cm. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm målt frå bakkant av gravminnet. Lause dekorgjenstandar og plantar må ikkje overstige gravminne eller gå utover bedet.

Dekorgjenstandar må ikkje virke støytande overfor andre besøkjande eller vere til hinder eller fare for drifta av gravplassen.

Plantefeltet kan rammast inn med

3 rette steinflisar som fluktar med bakken ikring.

Det kan ikkje monterast dekor, lykhtar, vasar el liknande på steinflisene.

Steinflisene må tåle belastning av gravplassen sine vanlege maskinar.

Dersom det ikkje er aktuelt med plantefelt skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.

### § 9 Særbestemmelser:

- På Nordtveit kyrkjegard er det ikkje høve til oppattgraving for kistegraver, men det er høve til å setje ned urner.

- På Hålandsdal kyrkjegard, felt B og C, er det ikkje høve til oppattgraving av kistegraver, men det er høve til å setje ned urner.



#### FUSA KYRKJEGARD – VEST

Gravplassen ligg ved kyrkja. Her finn vi det eldste gravminnet i Fusa sokn (og kanskje Bjørnafjorden) som står på reell grav, frå 1855.



- På Holdhus kyrkjegard er det høve til berre urnegraver, og løyve gjeld for dei familieane som har gjeve grunn til gravplassen.
- På Os kyrkjegard er nokre felt eller deler av felt definert som urnegraver
- På Kuventræ er det namna minnelund for urnegraver.
- På Kuventræ er det nokre urnegraver der det berre kan setjast opp skilt
- På Kuventræ har nytt urnefelt T følgjande reglar:

1. Gravminne skal vere i stein og ha mål: breidde 50 cm, høgd 60 cm og tjukkelse: 12 cm
2. I område frå topp og 15 cm ned kan det vere symbol eller bilete.
3. Tekst på avlidne skal føres på i høgd 40 cm frå botn.
4. Evt fleire namn 10/20/30 cm under første inskripsjon
5. Plantefelt kan ikkje ramast inn og kan vere i breidde til gravminne og stikke 60 cm fram målt frå bakkant av gravminne.
6. Evt lykt skal stå på eigen stein i plantefelt

## § 10 Plantemateriale

Plantar, kransar o.l. som blir brukt ved gravferd eller pynting av grav og som ender som avfall, skal vere heilt komposterbare.

## §11 Stell av grav

Alle som er ansvarleg for ei frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle grava vedkomande har ansvar for. Plantefelt som det ikkje vert planta på eller stelt skal såast til av den ansvarlege for grava, eller gjere avtale med gravplassforvaltninga om at det vert sådd til.

Ansvarleg for grav eller festar pliktar seg til å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.



### STRANDVIK KYRKJEGARD

Den ligg på sjøside av kyrkja. Kyrkjegarden vert no nytta berre ved reserverte graver og eldre festegraver som blir brukt opp att. På denne kyrkjegarden har ein og ein gravminnelund. Bilete viser gravminnelunden på nordsida av kyrkja. Her har ein tatt vare på eldre gravminne – ut frå gravminnet sin eigenart, slektsnamn som ikkje finst lenger, og gravminne som synleggjer gamle kommunikasjonsmønstre i tidlegare Strandvik kommune.



### AAKRE GRAVPLASS

Den ligg midt i Strandvik-bygda og om lag 200 meter frå Strandvik kyrkje. Det er denne gravplassen i Strandvik som er i aktiv bruk i dag. Gravplassen vart teke i bruk på 1890-talet.

Ansvarleg for grav eller festar kan inngå avtale om at gravplassforvaltninga, og den som får løyve til det etter § 14, kan utføre planting og stell av grav. Ein slik avtale fritek ikkje den ansvarlege eller festar for

ansvar vedkomande har etter den til ei kvar til gjeldande reglar.

Etablerte førehandsbetalte avtalar om stell vidareførast på dei vilkår som var ved oppretting.





#### **HOLDHUS KYRKJEGARD**

Den ligg ved Holdhus gamle kyrkje. Kyrkjegarden er det berre etterkommarar av dei som avga grunn til gravplassen som får høve til å bruke – og då til urner.

#### **§ 12 Namna minnelund**

Ved gravlegging i namna minnelund for urnegraver vert namn og data til avlidne ført på ei namneplate på felles minnesmerke.

Graver i namna minnelund kan festast på lik linje med andre graver på gravplassen. I namna minnelund kan det festast ei grav ved sidan av. Ved feste av grav ved sidan av vert det betalt festeavgift frå det tidspunktet den første grava vert teken i bruk. Ved feste av grav ved sidan av i namna minnelund vil ikkje nødvendigvis gravene kome ved sidan av kvarandre, men namneplatene.

Gravplassforvaltninga har ansvar for felles planting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggjast ned blomar og gravlys kan tennast, så lenge det er innanfor gjeldande



#### **HÅLANDSDALEN KYRKJEGARD**

Kyrkjegarden ligg ved sidan av kyrkja og har vore i bruk sia kyrkja vart bygd i 1891.



reglar om brannvern, og på stad tilvist av fellesrådet.

### § 13 Bårerom

Gravplassforvaltninga disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne som er død i Bjørnafjorden og/eller skal gravleggjast i gravplass i Bjørnafjorden i tida fram til gravferda.

Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

### § 14 Næringsverksemd

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassforvaltninga. Løyvet kan inndragast om vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som til ei kvar tid gjeld.

Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

Tilsette av fellesrådet kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjere.

### § 15 Arbeid på gravplassane

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje kvardagar i tida 07.00-18.00.

Arbeid skal ikkje utførast på sundagar, heilagdag, og offentlege høgtidsdag. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller bygning på gravplass. Næringsdrivande kan køyre på gravplassen berre i den



#### SÆVAREID KYRKJEGARD

Kyrkjegarden ligg ved kapellet og vart tatt i bruk på 1950-talet – på den tida kapellet vart bygd.



#### BALDERSHEIM GRAVPLASS

Baldersheim gravplass har ei noko særigen, men flott plassering, oppe i høgda ovanfor sjølv bygda. Den vart tatt i bruk i 1941. Der vart bygd eit kapell på gravplassen kring 1940. Dette har i mange år vore nytta som eit reiskapshus. Bygda sjølv har dei seinare åra bygd eit nytt reiskapshus med toalett, og pussa opp og innreia kapellet. Foto: Knut Revne.

grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

### § 16 Brot på vedtektene

Dersom vedtektene ikkje vert følgde, kan gravplassforvaltninga setje i verk naudsynte tiltak for ansvarleg/festar si rekning.

### § 17 Dispensasjon frå vedtektene

I særlege tilfelle og innanfor ramma av gravferdslova og gjeldande forskrifter kan gravplassforvaltninga dispensere frå §§ 6, 3. ledd, 7, 5. ledd, 13, 1. ledd og 15, 1. ledd.





«En bondebegravelse» mala av Erik Werenskiöld, 1885. Eigar av maleri: Nasjonalgalleriet.

# ORIENTERING

## om kostnader til det offentlege ved gravferd

**Denne orienteringa fortel om kva reglar som gjeld i Bjørnafjorden kommune**

Det er Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd som er gravferdsforvaltar i kommunen og utøver desse tenestene til alle uavhengig av tilknytning til tros- og livssynsamfunn.



REGEL	KOMMENTAR
<b>INNBYGGJARAR I BJØRNAFJORDEN HAR RETT TIL FRI GRAV</b>	<p>Alle kan få tildelt ny grav utan kostnad. Denne grava er frigrav, dvs utan betaling, i 20 år.</p> <p>Dersom ein vel å bruke om att ei familiegrav, så er dette ei festegrav som det må betalast festeavgift for.</p>
<b>RESERVERING AV GRAV</b>	<p>Ved bruk av ny kistegrav, kan det reserverast ei grav ved sidan av. Den reserverte grava er ei festegrav frå første dag og ein må betale festeavgift for 20 år ved etablering.</p> <p>For 2020 er festeavgift kr 603,- pr år; samla pris for reservert grav er derfor kr 12.060,-.</p>
<b>KREMASJON; URNEGRAV</b>	<p>Bjørnafjorden kommune refunderer til innbyggjarane i kommunen kostnad til kremasjonsavgift og eigenandel til transport av bære til krematoriet <b>når urnenedsetjing skal skje på ein av gravplassane i kommunen.</b></p> <p>Krav om refusjon framsetjast til Bjørnafjorden kommune og sendast kyrkjevevja, postboks 209, 5202 Os, seinast 2 mnd etter dødsfall.</p> <p>Utbetaling skjer til dødsbu v/ den som har ordna med gravferda.</p> <p>Ei urne kan setjast i ei ny grav (urnegrav) eller i ei anna grav. Brukar ein tidlegare brukt kistegrav, gjeld dei vanlege reglane for festeavgift.</p>
<b>FESTEAVGIFT</b>	<p>Bjørnafjorden kommune fastsetter avgift for å ha feste på ei grav (gravstad dersom fleire graver er festa saman).</p> <p>Festeavgift vert krevd for 5 år av gongen. Ei grav kan fornyast inntil 60 år etter siste gravlegging.</p> <p>Festeavgift for kistegrav: kr 603,- pr år (2020)</p> <p>Festeavgift for urnegrav i <b>urnefelt</b>: kr 331,- pr år.(2020)</p> <p>Alle avgifter vert normalt regulert kvart år.</p>



Dette er skjemaet som vil bli nytta ved krav om refusjon av kostnader ved kremasjon. Dette skjemaet får du utlevert eller tilsendt frå Os kyrkjekontor.

# KRAV OM REFUSJON AV KOSTNADER VED KREMASJON

Bjørnafjorden kommune  
v/ kyrkjevevja i Bjørnafjorden  
Postboks 209  
5202 Os

**Kravet må fremjast seinast 2 mnd etter dødsfall.**

Avlidne	Namn:	
	Fødselsdato	
	Dødsdato	

Namn på gravplass:		
Gravfelt		
Rekke nr		
Grav nr		

Namn på evt. tidlegare gravlagt i grava:	
--	--

Namn på den som ordner med gravferda:	
---	--

Kontonr for utbetaling av refusjonsbeløp	
---	--

Os, .....

Underskrift:.....



# AKTUELL INFORMASJON

## – spørsmål vi ofte får!

### **Kven eig gravplassane?**

Kyrkjeleg fellesråd forvalter gravplassane på vegne av det offentlege (fellesskapen). Gravplassforvaltninga utfører difor tenestene for ALLE innbyggjarane i kommunen. I dette forvalteransvaret ligg det også at fellesrådet er eigar av alle gravplassane i Bjørnafjorden kommune.

### **Kven er Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd?**

Fellessrådet er samansett av seks medlemmer; to er valde av Os sokneråd, to av Fusa sokneråd, ein kommunal representant og ein geistleg representant. Val skjer i tråd med kyrkjelova sine bestemmelser i § 12.

### **Kyrkjeleg fellesråd sin økonomi**

Det er Bjørnafjorden kommunestyre som løyver midlar til kyrkjeleg fellesråd si drift og investeringar. Ein kan kanskje samanlikne det slik: På same måten som staten løyver midlar til kommunal drift så løyver kommunen midlar til fellesrådet si drift!

### **Gravlegging uavhengig av livssyn!**

Som ansvarleg for gravferdsverksemda har fellesrådet same oppgåve ved alle gravleggingar og urnenedsetjingar – uavhengig av livssyn. I Bjørnafjorden kommune er det også lagt til rette for gravlegging av muslimar, på ein av gravplassane i Os sokn.

### **Kor kan eg gravleggjast?**

I gravplassvedtektene har alle som er busett i Bjørnafjorden rett til å velje den gravplassen ein sjølv ønskjer. Der er nokre unntak, og

det kan ein lese om i gravplassvedtektene. Utanbygds kan også gravleggjast i Bjørnafjorden kommune, men også her er der egne reglar som ein kan lese meir om i vedtektene.

### **Kremasjonsavgift**

Bjørnafjorden kommunestyre har gjort vedtak om at dei skal dekke kremasjonsavgifta samt eighdelen av transportutgiftene til kremasjon for bebuarane frå Bjørnafjorden og der urna vert sett ned i Bjørnafjorden kommune. Dette er ei vidareføring av praksis som har vore i Os kommune i fleire år. Ein viser til side 12 der ein har lagt ved skjemaet som vert nytta når det vert søkt om refusjon for utgifter i samband med kremasjon. Skjemaet får ein på Os kyrkjekontor, og søknaden skal sendast dit. Kyrkjeverja handterer søknadane og sender desse vidare til Bjørnafjorden kommune som føretekt utbetalinga.

### **Alternative gravformer**

I Os sokn har ein dei seinare åra lagt til rette for og stimulert folk

til å velje kremasjon og urnenedsetjing framfor kistegravlegging. Dette har ført til at om lag 50% no vel bisetting (og kremasjon) framfor gravferd og kistegravlegging. Bruk av urne er veldig arealsparande, og ein vonar at fleire vil nytte seg av bisetting i åra som kjem.

Det er no også kome namna urnelund på Kuventræ gravplass. Det er eit mål å ta denne i bruk i 2020. Her vert urna sett ned i eit felt, og så får ein ei namneplate med den gravlagde sitt namn på. Dette er både arealsparande, og i tillegg har ein inntrykk av at fleire ønskjer denne gravforma då næraste familie ikkje får same behovet for å stelle bestemte graver.

### **Spesielle utfordringar til folk i Fusa sokn når det gjeld gravformer!**

I Fusa sokn har ein liten tradisjon for bisettingar og dermed urnenedsetjingar. Vi har inntrykk av at talet er litt oppadgåande, og vi vil oppmode fleire om å tenkje gjennom dette med bisetting og kremasjon.



**Kistegrav er den vanlegaste gravforma i Fusa. I Os er talet urnegravleggingar aukande og der er om like mange urnegravleggingar som kistegravleggingar.**



Det er ikkje lagt til rette for urnegraver på alle gravplassane i Fusa, men ved utvidingar og endringar framover vil ein gjere det. Det kan også skje at ved utviding eller omregulering så vil urne vere einaste alternativ på nokre av gravplassane.

Det finst ikkje namna urnelund i Fusa sokn. Det er ingen umiddelbare planar om det, men ein vil ha det med seg i det vidare arbeidet. Ein kan ikkje forventa å ha namna urnelund på alle gravplassane.

### **Kva er forskjell på ein gravplass og ein kyrkjegard?**

Nasjonale lover og forskrifter nyttar omgrepet gravplass. Men gravplassar har ein del stadar «kyrkjegard» i namnet, t.d. Os kyrkjegard. I Strandvik har ein to gravplassar; Strandvik kyrkjegard (ved kyrkja) og Aakre gravplass. Altså «kyrkjegard» vert oftast nytta når gravplassen ligg ved kyrkja.

### **Kor skal vi melde frå om dødsfall i Bjørnafjorden kommune?**

Inntil vidare vert det ingen endringar samanlikna med 2019. Dødsfall i Fusa vert meldt til kyrkjekontoret i Fusa og i Os melder ein frå til kyrkjekontoret der. Dei fleste nyttar gravferdsbyrå, og då er det dei som tek kontakt med kontora.

### **Korleis tar du kontakt med oss**

Her viser vi til nederst på baksida i denne brosjyra for meir informasjon. Det vil etter kvart kunne kome endringar, og det vil då bli kunn gjort seinare.

### **Opningstider på kyrkjekontora**

Det er eit mål å ha begge kontora opne fem dagar i veka. Dette kan det bli endringar på, men då vil ein informere om det. Det er nok særleg i Fusa at det vert utfordrande å kunne halde ope fem dagar i veka. Slik ein planlegg det no vil

kyrkjeverja vere stasjonert på Os kyrkjekontor medan assisterande kyrkjeverje vert stasjonert i Fusa. Men det vil nok bli ein del farting på tvers av fjorden med tanke på møte og samarbeid.

### **Festeavgifter**

Når ein person dør, har vedkommande rett på ei frigrav i 20 år. Ei urnegrav har plass til fire urner. Frigravperioden starter på nytt om det vert sett ned ei ny urne i frigravperioden.

Viss det gjeld ei kistegrav som vert tatt i bruk, gjeld frigravperioden også 20 år. Viss det vert reservert ei grav ved sidan av, har den ingen friperiode. Det vil seie at ein må betale for denne grava som ein reserverer. Vi får ein del spørsmål om dette. T.d. viss dette gjeld eit ektepar/sambuarpar og gravlegging i den reserverte grav skjer etter 17 år, så trur mange at det er ei frigrav i 20 år frå den dagen vedkommande vert gravlagd. Men det er altså feil. Når det er gått 20 år etter første gravlegging, så vert i desse tilfella begge gravene festegraver 20 år etter første gravlegging. Dette er sentralt bestemt! Det same gjeld gjenbruk av festegrav (eldre graver), sjå informasjon øvst på side 11. Ein får ved nokre høve spørsmålet om at det då er rimelegare å la vere å reservere grav og heller bruke ei ny grav når dagen kjem. Dette er fullt mogleg å gjere. Men ein må då vere klar over at viss ein ønskjer gravminne på begge gravene så vil det truleg bli ein større kostnad med det enn reservasjon av grav og felles gravminne.

Viss vi nyttar dette dømet vidare, så planlegg ein i Bjørnafjorden å innføre ein praksis som ein har hatt i Fusa dei seinare åra. I Os har ein gjerne venta dei tre åra og så kravd festeavgift for fem år når begge gravene vert festegraver. I Fusa har ein gitt etterkommarane ein valfridom. Ein har røynsler med at mange familiar ønskjer å betale for lengst mogleg fram i tid i samband med buoppgjær som kjem i

ettertid. Difor har ein teke kontakt med etterkommarane og orientert dei både munnleg og skriftleg slik at dei vert gjort kjende med desse to alternativa. Målet er å få innført dette tilbodet frå 2020 av i heile Bjørnafjorden.

Innbetaling av festeavgifter vil frå 2020 skje til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, og ikkje til sokneråda. Det vert elles vist til side 10 og 11 om festeavgifter.

### **Storleiken på festeavgiftene**

Kommunestyret fastset festeavgiftene årleg. Satsane er prisjustert frå 2019 med utgangspunkt i Os kommune sine 2019-satsar. Festeavgiftene er no like for heile Bjørnafjorden kommune. Det vert vist til side 11 når det gjeld storleiken på festeavgiftene i 2020.

### **Betre standard på gravplassane i Bjørnafjorden kommune?**

I Os sokn er det god standard på gravplassane. Det har vore jobba systematisk med dette i mange år for å gjere drifta så enkel som mogleg. Forutan det nasjonale regelverket har ein hatt lokale gravplassvedtekter som har styrt utviklinga på ein måte som har bidrege til at mange opplever gravplassane som gode og verdige å kome til.

I Fusa sokn har ein kanskje vore noko meir lempeleg på ein del område, men som har bidrege til å gjere vedlikehaldet meir utfordrande og arbeidskrevjande.

I dei nye vedtektene har kyrkjeleg fellesråd difor lagt opp i sitt lokale reglement å følgje mykje av det som Os har praktisert i fleire år for å kome dit dei no er når det gjeld standard. Det kan ved nokre høve gje noko mindre individuell valfridom enn kva som har vore praktisert i Fusa. Men målet er å få betre standard som alle vil ha glede av.

I Fusa sokn har ein hatt tradisjon for dugnad på gravplassane i mange år. Det har i all hovudsak vore vårstell og beskjæring av tre



og buskar, men også anna arbeid som t.d. reparasjonar, påfyll av jord for å jamne ut hol, oppretting av murar, bygging av toalett/reiskaps- hus (Baldersheim) og maling av bygg.

## Nokre punkt i dei lokale ved- tektene som vi vil presisere

1. Når ein ynskjer ei dobbel grav, vert gravminnet sett opp på den først brukte grava. Der vert gravminnet ståande også etter at grav nummer to er teke i bruk. Dette har vore praktisert i Os i mange år. Dette gir eit system som gjer at det er raskare å kome fram med grasklippar og dermed bidreg til at vedlikehal- det vert betre. Ein gjer merksam på at dette ikkje får tilbakever- kande kraft.

2. Det vert høve til å ha ei tre- delt steinramme kring plante- feltet når ein ønskjer det. I Fusa sokn har bedplate (eit stykke stein med eit plantefelt i midten) vore brukt av ein del. Dette vert ikkje tillate lenger. Endringane får ikkje tilbakeverkande kraft. Bakgrunnen er at bedplata er vanskeleg å få til å gå i flukt med terrenget på alle sider, noko det er krav om. På dei fleste grav- plassane skrar terrenget i ein eller annan retning, og der vert utfordringa enno større. Tredelt steinramme i tråd med lover og forskrifter er lettare å få til å gå i flukt med terrenget. Bakgrun- nen for at det er viktig at ramma går i flukt med terrenget er at det gjer vedlikehaldet vesentleg enklare, og ein unngår skade på grasklippar og bedplate.

## Flytting av namn på gravminne

Vi får ein del spørsmål om å flytte namn frå eit eksisterande grav- minne og over på eit anna eksis- terande gravminne. Det kan vere fleire grunnar til det. Det kan vere personar som er gravlagde for

lenge sidan og der grava snart skal slettast. Då ynskjer ein del å vidare- føre namna på andre gravminne. Det kan vere t.d. fleire slektsgraver og for ein del mange graver å ha ansvar for. Då vil det både forenkle og gjere det økonomisk rimelegare å samordne fleire namn på eit grav- minne. Flytting av namn må søkjast om. Ta kontakt med Os kyrkje- kontor om du har spørsmål om dette. Det er berre namn på eksis- terande gravminne det kan søkjast namneflytting på, ikkje namn på graver som er sletta. Det er også høve til namneflytting til/frå grav- plass i annan kommune. Fråflytta grav må alltid slettast.

## Gravstell

Vi får ein del spørsmål om vi kan stelle gravene til enkelte. Det er fullt mogleg å bestille gravstell- avtale. Det er kun mogleg med avta- le om årleg fakturering. Ta kontakt med Os kyrkjecontor viss du øn- skjjer gravstellavtale, eller ynskjer meir informasjon om ordninga.

## Kva skjer med alle grav- plassane i Bjørnafjorden kommune i framtida?

Det er vanskeleg å spå noko om

framtida. Men kommunale bud- settvedtak vil vere avgjerande for kva ein kan få til. Kanskje vil også lokalengasjementet kring grav- plassane ha noko å seie – t.d. dugnadsinnsats som vert gjort på Fusasida av kommunen. Men i ein kommune som Bjørnafjorden vil ein truleg alltid ha minst eit utvidings- prosjekt eller liknande gåande!

For 2020 er det løyvd midlar til ut- viding av Sævareid kyrkjegard. Det er eit mål å ha det på plass i løpet av året. Det er også på gong plan- leggingsarbeid for utviding av Nore Neset gravplass, med mål om opp- start av arbeidet i løpet av 2020- 2021.

Det ligg inne i økonomiplanen for Bjørnafjorden kommune for 2021- 2022 å løyve midlar til tiltak på Hå- landsdalen kyrkjegard. For perio- den 2023-2025 har Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd i sin investere- ringsplan tilrådd utviding av Aakre gravplass, og i perioden 2026- 2028 har fellesrådet rådd til å setje i gong med gravplass på «Os nord».



**Det eldste gravminnet på eksiste- rande grav i Bjørnafjorden? Dette gravminnet står på Hans Astrup Krüger si grav, død 1855, på Fusa kyrkjegard - vest. På gravminnet står m.a.**

**«Herunder hviler støvet af Hans Astrup Krüger Fød på Fuse 2. april 1781 Død på Sjørsand 2. mai 1855»**





**VI HAR LEVERT GRAVSTEIN TIL  
BJØRNAFJORDEN I GENERASJONER**  
Navnetilføyelser og oppussinger

Sjekk ut dagens modeller og informasjon på [www.eikner.no](http://www.eikner.no)



*Bestill gravstein  
enkelt på nett*

[www.gravstein-norge.no](http://www.gravstein-norge.no)



**NORSKPRODUSERT  
KUNDETILPASSET  
FRI MONTERING**

Lag din egen  
utforming på våre nettsider  
[www.vestlandsgranitt.no](http://www.vestlandsgranitt.no)  
Tlf: 71 29 64 69



**GRAVMINNER**



Tlf. 55 92 25 30 • Espeshaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

**EN TIDLØS TRADISJON**

Siden 1933 har vi i SIBI videreført gamle tradisjoner, samtidig som vi tilpasser oss tiden vi lever i.  
Vi leverer til begravelser i hele Norge. Våre lastebiler er spesialinnredet for kistetransport, og med egne sjåfører er vi sikret mot transportskader. Høy kvalitet, kontinuerlig produktutvikling, konkurransedyktige priser og førsteklasses kundeservice har gjort SIBI til en av Norges største leverandører av begravelsesutstyr.

SIBI AS • Industriveien 17, 5210 Os • 56 30 37 00 • [firmapost@sibi.no](mailto:firmapost@sibi.no) • [www.sibi.no](http://www.sibi.no)

**SIBI**

**Os Gravferdsbyrå as**

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjøve.

Døgntelefon:  
☎ **56 57 49 50**

Ope etter avtale.  
Brugata 50, Os.



**Kontaktinformasjon for Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd:**

**Postadresse: Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd, postboks 209, 5202 OS**

**Besøksadresse: Os kyrkjekontor, Øyro 49, 5200 OS**

**E-postadresse: [post.bjornafjorden@kyrkja.no](mailto:post.bjornafjorden@kyrkja.no)**

**Telefon: 56 57 24 00**

**Besøksadresse: Fusa kyrkjekontor, Fjord'n senter, 5640 Eikelandssosen**

**E-postadresse: [post.bjornafjorden@kyrkja.no](mailto:post.bjornafjorden@kyrkja.no)**

**Telefon: 56 58 01 81**

**Besøk vår nettside: [www.kyrkja.no/bjornafjorden](http://www.kyrkja.no/bjornafjorden)**